



**DET
NORSKE
TEATRET**



RYTMAR FRÅ VERDSROMMET

Mikkmikk og far hennar, som er astronomisk førsteforskar, lever i eit land der det meste er ulovleg. Særleg gjeld det song, dans og musikk. Rytmar er strengt forbode og Rytmepolitiet passar på at folk held seg til berre ein tone når dei musiserer. Men så ein dag landar det eit tromskip i skogen, og Mikkmikk får ein ny venn. Perk heiter han, og er trommonaut. Tromskipet hans blir drive av trommerytmar og han kan melde at ein asteroide trugar med å øydelegge jorda. Han og Mikkmikk «finn tonen» og saman planlegg dei å stanse asteroiden ved hjelp av musikk og rytmar. Men korleis skal dei klare det utan å bli oppdaga?

RYTTMAR FRÅ VERDSROMMET

AV CARL MORTEN AMUNDSEN
OG PETER BADEN

Mikkmikk Aggen **HEIDI RUUD ELLINGSEN**
Professor Aggen **RANDOLF WALDERHAUG**
Perk **MARIUS NÆSS**
Erstad Olsen **GEIR KVARME**
Fru Sjursen **INGRID JØRGENSEN DRAGLÅND**

Musikar **PETER BADEN**

Regissør **AUDNY CHRIS HOLSEN**
Scenograf og kostymedesignar **MIA RUNNINGEN**
Komponist og lyddesign **PETER BADEN**
Lysdesignar **PER WILLY LIHOLM**
Videodesignarar **KNUT SÆVIK / PB PRODUCTIONS**
Koreograf **SIGRID EDVARDSSON**
Dramaturg **OLA E. BØ**

Inspisient **PÅL PANDE-ROLFSEN**
Sufflør **TORILL STEINLEIN**
Rekvisitør **TONE BERNHOFT OSA**
Scenemeister **KALLE VON HIRSCH**
Lysmeister **OLE RANDERS**
Maskør og parykkmakar **TONJE LIE NAUFF**
Lydteknikar **CHRISTOPHER WOXHOLT**
Videoteknikar **NIKOLAI BERGSTRØM**
Kostymekoordinator **SARA ENGSTRÖM**

Produisert av Det Norske Teatret i samarbeid med Peter Baden
Productions, som er støtta av Norsk Kulturfond og Fond for lyd og bilde.

URPREMIERE 16. JANUAR 2015 PÅ SCENE 2

PLANET: Ein planet er ein klode som bevegar seg rundt ei stjerne ute i verdensrommet. Jorda vår, Tellus, er ein slik planet, og stjerna vår er Sola.

ASTEROIDE: Ein asteroide er ein slags mini-planet som òg krinsar rundt stjerner ute i verdensrommet. Dei kan vere alt frå nokre få meter til fleire hundre kilometer. I vårt solsystem er det mange tusen og nokre kjem av og til nokså nær jorda. I 2003 passerte ein slik asteroide knappe 90 000 km frå Jorda. I 2029 vil ein ny asteroide passere oss ca. 40 000 km unna.

RYTME: Rytme er korleis du opplever pulsen i musikk du høyrer på. Det er noko du kjenner inni deg. Det heng saman både med takt, kor rask du opplever musikken. Det er gjerne rytmen i musikken som gjer at du får lyst til å danse, klappe eller trampe. I landet til Mikkmikk er rytmar forbode. Sjefen i landet, Rådsformannen, meiner at rytmar er farlege fordi dei skaper forvirring og uorden.

STONE: Ein lyd som vi oppfattar som musikk, men ikkje ein melodi. Hos Mikkmikk er det berre lov til å spele musikk som har ein tone om gongen. Dei fleste synest nok at det er ganske kjedeleg og slitsamt i lengda!

MELODI: Fleire tonar etter kvarandre kallar vi ein melodi. #online [hæsjtæg online] da er for eksempel ein melodi mange kjenner. Nokre melodiar er vakre, andre synest vi kanskje er stygge, nokre synest vi er tøffe, nokre er skumle. Musikk og ulike melodiar kan gi oss mange slags kjensler – og same melodi kan bli oppfatta heilt ulikt av deg og av andre. Ein melodi som du elsker kan kanskje mor di ikkje fordra!

FØLG OSS



Facebook: [detnorsketeatret](#)

Twitter: [@detnorsketeatre](#)

Instagram: [#detnorsketeatret](#)

Bruk emneknagg #detnorsketeatret for å dele dine opplevingar hos oss på Instagram og Twitter.